



Det er ikkje berre Neset som no har eit utruleg flott tre i full blomst på berr kvist, får vi veta etter nok ein gong å ha presentert den kvite magnoliaen, som stammar frå det nordlege Japan.

Ein lesar er også ein stor beundrar av eit tre på Ytre Eik som kvar vår imponerar med lilla blomeprakt. Vedkommande meiner at det også er ein magnolia.

- Vi har aldri høyrte noko anna enn at dette er eit peppertre, seier familien Landa frå Odda som eig det såkalla 'Rosehuset'.

Dei overtok huset etter Svein og Laura Myklebust. Han var sjømann og ein kan ikkje sjå bort ifrå at han hadde med seg treet frå eit eller anna utland. Han hadde i alle fall med eit kirsebærtre frå Japan, men det er no borte.

Her er det Kristian Landa (17) som presenterar det flotte treet, som allereie har hatt blomeprakten sin i fleire veker..

Er det nokon som kan stadfesta at det er eit peppertre - eller er det kanskje likevel ein lilla magnolia?

Det har til no hatt ei levetid i Uskedalen på minst 50 år.

Av Ola Matti Mathisen